



## Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn, Rauland reinsedistrikt, Vinje kommune

Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 14.11.2007, samt opplysningar som har komme fram i handsaminga av søknaden.

Løyvet er gjeve i medhald av "lov om vern mot forurensningar og om avfall", forurensningslova, av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16.

Løyvet har vilkår som følgjer frå og med neste side og som er ein kombinasjon av

- dei generelle krava i "forskrift om begrensning av forurensning", forurensningsforskriften, del 4, kap. 11 til 16.
- vilkår i tidlegare løyve som ikkje går fram av første punkt og som er ført vidare og innarbeidd i nytt løyve
- nye vilkår som ikkje går fram av første punkt og som er innarbeidd i nytt løyve, dvs lokalt tilpassa krav og presiseringar, jf. forurensningsforskriftens § 14-16.

Løyvet kjem i staden for tidlegare løyve av 11.02.1991 med seinare endringar og gjeld frå dags dato.

Verksemd	Vinje kommune
Lokalisering/besøksadresse	3864 Rauland
Postadresse	3890 Vinje
Kommune	0834 Vinje
Org. nummer (bedrift)	964964610
NACE-kode / bransje	75.110 Generell (overordnet) offentlig administrasjon og økonomiforvaltning
UTM-koordinat	Ø-V (m) 445870, N-S (m) 6618500
G.nr/ B.nr	141/105
Anleggsnr.	0834AL27
Risikoklasse	3

Vår ref.: 2007/5023

Løyve gjeve: 10.11.2008

Underskrift:

.....  
Ingvar Oland  
Nestleiar i miljøvernafdelinga

.....  
Gunnar Djuvik  
overingeniør

## A) Særlege vilkår

### 1. VERKEOMRÅDE

#### 1.1 Geografisk virkeområde

Løyvet gjeld for avløpsanlegget i Rauland reinsedistrikt, dvs for området Raulandsgrend-Haddland-Libru-Vierli med lokalisering av sjølve reinseanlegget på Libru. Med ”avløpsanlegg” reknast leidningsnett med tilhøyrande pumpestasjonar samt reinseanlegg og leidning for utslepp, sjå også forurensningsforskriften § 11-3 Definisjoner.

Reinsedistriktet strekk seg over eit langt område som førebels ikkje kartfesta som del av handsaminga av søknaden. Det er sett frist for kartfesting av utstrekninga av reinsedistriktet som eige vilkår i neste punkt.

#### 1.2 Presisering av geografisk virkeområde – frist

Innan **01.02.2010** skal Vinje kommune utarbeide kart over reinsedistriktet sine ulike del-område, dvs kart med avmerking for

- situasjon pr 2008 for dei delområda som det er vist til i tabell 2 i søknad
- framtidig situasjon for dei delområda som det er vist til i tabell 2 pr 2008 basert på vedtekte reguleringsplanar eller på kommuneplan

Kartet skal vere i høveleg målestokk og vise eksisterande og planlagde hovudleidningar og pumpestasjonar. Grunna utstrekninga av området må det vurderast oppdeling av kart i egna delområde. Det skal vere tydeleg signatur for pumpeleidningar, sjølvfallsleidningar, type utsleppsanordning for eventuelle overløp på felleisleidningar og andre element.

#### 1.3 Type avløp

Løyvet gjeld kommunalt avløpsvatn som normalt vert akseptert å føre til avløpsanlegg med unnatak for prosessavløp frå verksemdar der forureiningsstyresmaktene har stilt krav til interne reinsetiltak i verksemda grunna mengde og kvalitet av dette prosessavløpsvatnet.

### 2. UTSLEPPSRAMME

I følge søknad er dimensjonerande belastning basert på 2500 fastbuande personar og 6450 hytter/ leiligheter. Nytt løyve er avgrensa til ein forureiningsproduksjon innafor heile reinsedistriktet, sjå pkt 1.1, svarande til om lag 11250 pe vekta gjennomsnitt på årsbasis, og med ei maksimal veke-belastning til reinseanlegget svarande til om lag 28500 pe.

### 3. UTSLEPPSSTAD

Avløpsvatnet skal førast ut i Totak på minst 20 m djupne og med omtrentleg lokalisering som vist til på kartskisse. Endeleg kartfesting med opplysning om leidningstrase, djupne og dimensjonering osv skal liggje føre før leidning vert teke i bruk og innarbeidast i kommunen sitt leidningskartverk.

Det er ikkje tillete å avlaste avløpsnettet anna enn i form av naudoverløp ved pumpestasjonar og rensanlegg som vert nytta ved uhellshendingar som pumpehavari og anna.

## 4. TILKNYTNING

### 4.1 Tilknytning

I takt med utbyggjing og sanering av deler av avløpsnett skal ein sikre størst mogleg grad av tilknytning. Det er ei målsetjing at alle nye utslepp i reinsedistriktet skal vere tilknytt reinseanlegget.

Det er vidare ei målsetjing at eksisterande utslepp skal vere tilknytt reinseanlegget med mindre det kan dokumenterast at avløpsanlegget fungerer tilfredsstillande etter gjeldande føresegner og har reinseeffekt svarande til det kommunale anlegget.

Bustader, fritidsbusetnad og anna verksemd kan unnatakast frå tilknytning om ein kost-nytte vurdering tilseier det. Om kostnadene ved tilknytning er mindre enn kostnadene ved etablering av nytt separat reinseanlegg, type minireinseanlegg med dokumentasjon etter NS-EN 12566-3, skal det krevjast tilknytning til kommunalt anlegg. Om tilknytning til kommunalt anlegg vil bidra til å løyse openberre lokale miljøproblem med til dømes lokalt dårleg hygienisk tilstand, lukt og tilgrising, kan kommunen krevje tilknytning sjølv om kostnadene er høgre enn ved kostnadene ved etablering av separat anlegg.

### 4.2 Saneringsplan

Det skal innan **01.02.2010** utarbeidast oppdatert saneringsplan. Denne skal mellom anna vise korleis og kva tid det er mogleg å nå målsetjinga i pkt 4.1 om tilknytning. Sanering og tilknytning av enkeltbustader og eventuelle felles avløpsleidingar i dei einskilde avløpssonene i reinsedistriktet, jf tabell 3 i søknad, skal skje etter fristar som vert nærare fastsett i saneringsplanen.

Utarbeiding av saneringsplan må ein til dels sjå i samanheng med vilkår 4 i pkt B) Generelle vilkår om risikovurdering.

## 5. AVLØPSNETTET OG AVLØPSNETTET SIN FUNKSJON

### 5.1 Normalkrav

Normale krav til avløpsnett går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, §14-5 Avløpsnett.

Følgjande funksjonskrav og presiseringar gjeld som tilleggskrav:

### 5.2 Forureiningstap frå avløpsnett

Kommunen skal til kvar tid ha oversikt over moglege punkt for overløp med ureinsa avløpsvatn frå avløpsnett, jf. generelle vilkår om risikovurderingar. Dei samla forureiningstap frå avløpsnett skal gjerast minst moglege gjennom systematiske tiltak. Dårleg fungerande deler av avløpsnett skal utbetrast i den grad det er kostnadseffektivt samanlikna med andre vedlikehaldstiltak og nyanlegg. Det er ikkje tillete med overløp som avlastar avløpsnett. Det einaste forureiningstapet som er tillete frå avløpsnett er naudoverløp ved pumpestasjonar i tilfeller med pumpehavari eller anna naudsituasjon. I pumpestasjonar skal det installerast sensorar som gjev alarm når naudoverløpet trer i funksjon. Vi rår til at det og vert installert sensor som gjev alarm når vasstanden søkk under eit definert nivå for låg vasstand. Dette for å unngå tørrpumping og unødig slitasje om ein ikkje unngår tørrpumping på anna vis.

### 5.3 Tilsyn med avløpsnett

- **registrering og måling**

Det skal være kontinuerleg registrering av antall gonger naudoverløp er i drift og driftstid for desse. Det kan bli stilt krav om mengdemåling på overløp om desse til dømes syner seg å være ofte i drift.

- **varsling internt og eksternt**

Feil og driftsstansar som medfører utslepp av ureinsa avløpsvatn via lekkasje på nettet eller i pumpestasjonar skal varslast til driftssentral, vakt eller til anna løysing. Større utslepp skal varslast til Fylkesmannen i høve kommunens sin utarbeidde instruks for varsling.

### 5.4 Påslepp

Krava for utslepp av oljehaldig avløpsvatn til det avløpsnett som er omfatta av dette løyvet, går fram av forurensningsforskriften kapittel 15 Krav til utslipp av oljehaldig avløpsvatn.

Krava for andre typar påslepp til avløpsnett innafor ramma av pkt 1.3 i dette løyvet, medrekna fotokjemikalie- og amalgamholdig avløpsvatn og oppmala matavfall, går fram av forurensningsforskriften kapittel 15A Påslipp.

## 6. REINSEANLEGGET

### 6.1 Reinsekrav

Normale krav til reinsing i reinseanlegget går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, §14-6

Det skal nyttast ein prosess med sekundærreinsing med tillegg av fosforfjerning , dvs eit anlegg basert på biologisk/ kjemisk reinseprosess.

Oversikt over reinsekrav:

Kontrollparameter	Prosentvis reduksjon, årleg middelvei	Prosentvis reduksjon, minimumsverdi	Rest-konsentrasjon,	Maksimal rest-konsentrasjon v/ normale driftstilhøve,
Total fosfor	90 %	-	-	-
BOF <sub>5</sub>	-	70 %	25 mg/l	50 mg/l
KOF <sub>Cr</sub>	-	75 %	125 mg/l	250 mg/l

### 6.2 Utforming og drift av reinseanlegg

Normale krav til utforming og drift av reinseanlegg går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, §14-10.

### 6.3 Tilsyn med reinseanlegget

- **registrering og måling**

Det skal være kontinuerleg registrering av antal gonger naudoverløp og eventuelle omløp foran reinseanlegget er i drift samt driftstid og vassmengdemåling for desse.

- **varsling internt og eksternt**

Feil og driftsstansar på viktige reinseanleggskomponentar, dvs komponentar som er avgjerande for å oppretthalde normale drift og for å sikre stabil reinseffekt, skal varslast til driftssentral, vakt eller til anna løysing. Større utslepp skal varslast til Fylkesmannen i høve kommunen sin utarbeidde instruks for varsling.

#### 6.4 Prøvetaking, analyse og vurdering av analyseresultat

Normale krav til prøvetaking, til analyse og til vurdering av analyseresultat går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, høvesvis §14-11, § 14-12 og § 14-13.

Prøvetakings- og kontrollprogrammet skal gjennomførast for både innløp og utløp etter følgjande oppsett:

Kontrollparameter	Minste antall prøver pr. år	Prøvetype
Fosfor (total-P)	12	Blandprøve døger eller veke
Organisk stoff (BOF <sub>5</sub> )	12	Blandprøve døger
Organisk stoff (KOF <sub>C<sub>T</sub></sub> )	12	Blandprøve døger

Ved vurderinga av analyseresultata treng inntil 2 av dei 12 prøvene for høvesvis BOF og KOF ikkje å støtte konsentrasjonskravet eller reinseffektkravet.

Eventuelle endra krav gjennom føresegn eller særskilt krav frå fylkesmannen gjeld føre utsleppsløyvet.

#### 6.5 Varsling av avvik frå reinsekrav

Normale krav til varsling av overskriding av reinsekrav går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, § 14-14.

Uhell som har eller kunne ha medført alvorleg forureining skal ein snarast rapportere til Fylkesmannen. Rapporten skal greie ut om tiltak som er gjort. Alle overutslepp skal rapporterast i årsrapporten for avløpsanlegget.

Kommunens sitt internkontrollsystem skal omfatte handtering av avvik på avløpsområdet, sjå vilkår 3 i pkt B) Generelle vilkår.

### 7 VEDLIKEHALD – BEREDSKAP - RESPONSTID

Vedlikehald av avløpsnettet og av reinseanlegget skal sjåast i samanheng. Utslepp grunna slitasje eller feil på utstyr skal minimaliserast, og vedlikehaldsprogram skal rettast inn mot dette. Relevant reserveutstyr skal finnast på lager i kommunen eller hos lokal leverandør. Dersom lokal leverandør vert nytta, skal det liggje føre avtale med kommunen.

Planlagt vedlikehald eller omlegging som vil medføre større overskridingar skal være godkjent av Fylkesmannen på førehand.

Det skal etablerast tilsyn med avløpsnett og med reinseanlegget, og tilhøyrande beredskap skal ha ein nærare definert responstid. Feil på avløpsnett og på reinseanlegget som medfører utslepp av ureinsa avløpsvatn, skal rettast opp straks. Dette gjeld mellom anna feil på pumpar, motorar, instrument og feil som medfører naudoverløp frå avløpsnett og naudoverløp/ omløp frå reinseanlegget. Ytterligere presisering av responstid vil bli gjort av Fylkesmannen i form av endring av løyvet og på grunnlag av risikovurderinga, jf vilkår 4 i B) Generelle krav.

### **8. KRAV TIL RESIPIENTOVERVÅKING**

Kommunen skal medvirke til resipientundersøkingar som har relevans til utslepp frå rensedistriktet, medrekna regionale undersøkingar samordna av Fylkesmannen. Vidare kan kommunen verte pålagt å sørgje for undersøkingar av lokale forureiningsverknader.

### **9. KRAV TIL RAPPORTERING**

Rapportering av utsleppsdata skjer for tida via driftsassistansen sin årsrapportering og via Kostra. Eventuelle endringar vil bli meddelt kommunen.

### **10. UTSLEPP TIL LUFT**

Avløpsanlegget, dvs alle deler av leidningsnett med tilhøyrande pumpestasjonar og andre komponentar samt sjølve reinseanlegget, skal ikkje gje sjenerande lukt i omgjevnaden.

### **11. STØY**

Avløpsanlegget, dvs alle deler av leidningsnett med tilhøyrande pumpestasjonar og andre komponentar samt sjølve reinseanlegget, skal ikkje gje sjenerande støy i omgjevnaden. Nærare krav går fram av rundskriv T-1442 frå Miljøverndepartementet.

## **B) Generelle vilkår**

### **1 - Oppfølging:**

Løyve til utslepp frittek ikkje for ansvar for vederlag etter dei almenne reglar for vederlag og frittek heller ikkje for innhenting av løyve for andre sidar av verksemda som til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.

Den som har fått løyvet er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at utsleppet til ein kvar tid er i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Avløpsanlegget skal drivast optimalt innafør anerkjente kostnadseffektive rammer. Utsleppa skal reduserast til et minimum. Alle utslepp av kommunalt avløpsvatn innafør rensedistriktet skal ha tilfredsstillande avløpsløyvingar, jf. forurensningsforskriftens del 4. Brot på krava er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

Anlegget skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langt perspektiv, slik at forventa funksjon og effekt vert heldt oppe gjennom anlegget si levetid. Gjennomført og planlagt utbygging av anlegg for reinsing av kommunalt avløp, medrekna leidningsnett, skal takast inn i oppdaterte kommunale avløpsplanar.

## 2 - Endring mv:

I medhald av forureiningslova § 18 kan Fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår. Om naudsynt kan ein trekke løyvet attende. I alle høve kan løyvet trekkast attende eller endrast når det har gått 10 år frå det vart gjeve.

## 3 - Internkontroll:

Rutinar for drift, tilsyn, vedlikehald og handtering av avvik som følgje av vilkåra i dette løyvet skal nedfellast i kommunen sitt internkontrollsystem

## 4 - Risikovurderingar:

Ein skal unngå skade på miljøet som følgje av utsleppshendingar. Kommunen skal difor utarbeidde skriftlig risikovurdering for drifta av avløpsnett og reinseanlegg. Moglege uønska hendingar ved drifta skal registrerast. Etter registrering skal ein risikovurdere hendingane med omsyn til forureining til ytre miljø. Hendingane som skal risikovurderast skal registrerast ut frå både nosituasjon og for ein situasjon med framtidig dimensjonerande nedbørsintensitet. Moglege tiltak for å redusere risikoen skal gå fram av tabelloversikt der tiltaka er prioritert og rangsjert. Oversikta skal inngå i interkontrollsystemet og knyttast til handlingsplan for gjennomføring av tiltaka. Utarbeiding av saneringsplanar skal mellom anna vere basert på risikovurderingar. Det skal vere rutinar for oppdatering av risikovurderinga. Frist for å leggje fram risikovurderinga for Fylkesmannen er **01.02.2010**.

## Aktuelle lenkar:

Kap 11 i forurensningsforskriften, Generelle føresegner om avløp

<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-037.html>

Kommentarar til kap 11:

[http://www.sft.no/artikkel\\_40230.aspx](http://www.sft.no/artikkel_40230.aspx)

Kap 14 i forurensningsforskriften, kommunalt avløp frå større tett busetnad:

<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-042.html>

Kommentarar til kap 14:

[http://www.sft.no/artikkel\\_40234.aspx](http://www.sft.no/artikkel_40234.aspx)

Kap 15 i forurensningsforskriften, oljehaldeg avløpsvatn:

<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-043.html>

Kommentarar til kap 15:

[http://www.sft.no/artikkel\\_40235.aspx](http://www.sft.no/artikkel_40235.aspx)

Kap 15A i forurensningsforskriften, påslepp:

<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-044.html>

For nærare opplysningar om kap 4 mht tilknytning, årskostnad ved separat reinseanlegg osv; sjå [www.avlop.no](http://www.avlop.no) .